

Skaper si eiga verd



Bak namnet Storyline skjuler det seg ein pedagogisk metode som førebur lærarstudentane på møtet med yrkeslivet og elevane på møtet med ein nyutdanna lærar. Metoden er opphavleg skotsk, og er no på veg inn i den norske skulen og lærarutdanningane.

AV LINE TORVIK OG SIDSEL JØRGENSEN (FOTO)

På Kvinesdal vidaregåande skule vekkjer metoden begeistring, fortel Åse Skiftun, som er koordinator for storylinesatsinga på skulen.

– Metoden byggjer på kunnskapane og erfaringane til elevane. Det startar med at elevane lagar si eiga forteljing, ei storyline, ut frå eit gitt tema. Dei skaper ei fiktiv verd med tids- og stadnamn. Inn i denne verda fører læraren etter kvart personar og hendingar. Desse igjen blir knytt til måla i læreplanane i dei einskilde faga. Personane kjem med innspel og kommuniserer, mens hendingane skaper overraskingar for elevane, slik at dei blir leidde inn mot dei einskilde læreplan-måla.

Samtidig blir elevane ansvarleggjorde. Dei blir oppmoda til å innhente informasjon frå internett, litteratur i bibliotek eller ved å kontakte ressurspersonar i lokalmiljøet.

– Kvifor er Storyline bra for elevane?

– Elevane blir hekta på den fiktive verda som dei byggjer opp. Utan omsyn til mestringsnivå kan dei gjere noko saman med andre, eller for seg sjølv. Arbeidsmåten krev både visuell og teoretisk kompetanse. Elevane blir knytte kjenslemessig til arbeidet, og då lærer dei betre. Dei får teke i bruk andre sider ved seg sjølv gjennom lyd og foto. Vår erfaringar er at vi styrkjer elevar med lågt mestringsnivå fordi dei eig historia saman med gruppa. Det er ein fabelaktig metodikk for differensiering og refleksjon, seier Skiftun.

Åse Skiftun samarbeider med Avdeling for lærarutdanning ved UiA gjennom prosjek-

tet Lærende nettverk i Agder, som blir leidd av universitetslektor Frank Egeland ved Institutt for pedagogikk.

– Då Kvinesdal vidaregåande skule blei medlem av Lærende nettverk i Agder i 2005, fekk vi moglegheit til å teste ut alle verktya i Storyline på faget ”Samfunnsfag for vidaregåande opplæring”, seier Skiftun.

På Universitetet i Agder er Storyline utgangspunkt for fleire forskings- og utviklingsprosjekt. Frank Egeland og førstelektor Kari Wigstøl ved Institutt for pedagogikk jobbar blant anna med IKT i lærarutdanningane. Dei er i gong med eit forskings- og utviklingsarbeid om didaktisk bruk av digital Storyline i yrkesfaglærarutdanninga.

Eit av formåla med prosjektet er utvikling av digital kompetanse (IKT). For at lærarar og førskulelærarar skal utvikle ein god bruk av IKT, er det viktig at studentane sjølv får erfaringar i sine eigne studiar og moglegheiter til å utvikle seg. Den andre utfordringa er å byggje bru mellom praksis og teori. Gjennom storylinemetoden skal studentane bruke teorien til å møte konkrete praksisnære utfordringar, for å gi motivasjon til å sjå korleis teorien kan brukast til refleksjon og pedagogisk utvikling. På den måten skal aspektet på danning i lærarutdanningane aktualiserast.

Arbeidet med emnet yrkesdidaktikk blir gjort i samarbeid med Åse Skiftun og tidlegare rektor ved Kvinesdal vidaregåande skule, Øyvind Stenberg, som står for den tekniske

Fakta

Kva er Storyline?

Med læraren som regissør og rettleiar arbeider elevane innanfor ramma av tematiske, problemtakande undervisningsopplegg der læringsprosessane er sentrerte rundt ei framoverskridande forteljing – ei *storyline*.

Denne forteljinga blir bygd opp gjennom fire sentrale verkemiddel: ei *tematisk ramme* som blir forankra i tid og stad, *kva for levande vesen som held til på staden*, og *kva slags liv som blir levt der*. Så lèt læraren denne verda danne ei *felles referanseramme* for hendingar som skal få elevane til å reflektere og handle.

Dei såkalla *nøkkelspørsmåla* spelar ei avgjerande rolle i oppbygginga av konteksten og driv læringsarbeidet framover. Nøkkelspørsmål er opne spørsmål som skal leie merksemda til elevane i ei bestemt retning og oppmuntre dei til å dele dugleikane, refleksjonane og kunnskapane sine med kvarandre.

Les meir:

www.storyline-scotland.com/news.html



tilrettelegginga for dei utvalde modulane. Dette arbeidet med yrkesfaglæruddanninga blir utvida og fortset i haust.

- Målet er å få Storyline inn i den vanlege læraruddanninga, både for førskule og grunnskule, seier Egeland, og viser til gode erfaringar med Storyline i læraruddanninga.

- Hovudgevinsten ved bruk av Storyline i læraruddanninga er at vi kan lage realistiske praksissituasjonar som studentane må ta stilling til. Studentane er lærarar og blir sette i forskjellige praksissituasjonar kor elevar, kollegaer og skuleleiarar inngår. Eg er overtydd om at vi kan ta noko av brodden av det såkalla praksissjokket, seier Egeland.

Med ”praksissjokket” meiner han opplevinga mange nyutdanna får når dei opplever kva krav til arbeidsinnsats og breidde kompetanse som blir stilte til ein lærar i skulen.

Yrkesfaglærarstudentane hadde tre modular der metoden blei brukt i fjor haust. Studentane blei følgde opp, og data blei samla inn i arbeidsprosessen: Kjende dei til Storyline frå før? Korleis var brukargrensesnittet? Korleis var metoden som arbeidsform?

Suksessen til trass, Storyline er dårleg kjend blant studentane. Åtte av ti studentar på yrkesfaglæruddanninga kjende ikkje til Storyline frå før. Ingen hadde arbeidd med det tidlegare. Ni av ti syntest brukargrensesnittet var heilt greitt eller enkelt, mens ein av ti syntest det var vanskeleg å orientere seg.

Tilbakemeldingane frå dei 24 studentane



“Hovudgevinsten ved bruk av Storyline i lærarutdanninga er at vi kan lage realistiske praksissituasjonar som studentane må ta stilling til.”

Frank Egeland

er likevel svært positive. Studentane synest Storyline er eit spennande, motiverande, engasjerande og morosamt verkty som gir rom for kreativitet. Samtidig gir mange uttrykk for at verktyet også var krevjande å lære seg. Nær 64 prosent meiner dei måtte streve litt for å kome i gong, og 58 prosent meiner det var arbeidskrevjande.

Studentane fekk også spørsmål om individuelle opplæringsplanar, læringsstilar, læringsstrategiar, det å vere tydelege vaksne og om aktiv lytting. Ein av studentane prøvde ut metoden i praksisperioden sin i vidaregåande skule, og skreiv semesteroppgåve om dette.

Åse Skiftun frå Kvinesdal vidaregåande skule skal saman med Frank Egeland, Kari Wigstøl og dekan Birte Simonsen presentere samarbeidet, verktyet og tenkinga på ein internasjonal storylinekonferanse i Portland, USA i august. Dei er også tekne opp som medlem i The Golden Circle, som er ei interessegruppe for Storyline.

– Portland er fyrste skritt i å arbeide vidare med data vi har frå FoU-prosjektet. Til hausten vil vi gå vidare og utvide storylineopplæringa til allmennlærar- og førskuleutdanningane. Vi skal bruke FoU-midlar til å følgje forskning omkring Storyline vidare. Dette arbeidet skal ikkje kvile på nokre få, seier dekan Birte Simonsen, som sjølv i fleire år har brukt storylinemetoden i barneskulen.

Pedagogisk utviklingscenter (PULS) ved UiA hadde i vår eit kurs i Storyline for tilsette.

Neste kurs blir i september.

– Kva lærer lærarane?

– Dei øver seg på å vere fagpersonar og rettleiarar og på å inngå i dialog med elevane. Dette er ei krevjande arbeidsform, men dei får også mykje igjen for innsatsen. Når dette blir ein integrert del av lærarutdanninga vil det gi eit enormt godt høve til å lære å vere lærar mens du studerer. Storyline møter elevane på banehalvdelen deira og tek dei på alvor, seier Åse Skiftun.

Egeland er oppteken av at IKT-kompetansen blir heva hos lærarstudentane, slik at digitale arbeidsmetodar blir tekne i bruk i skulen.

– Med Storyline får du brukt IKT, og det er ein måte å bruke IKT pedagogisk riktig på. Målet er å gjere brukargrensesnittet enkelt. Arbeidet med dette er i høgaste grad eit utviklingsprosjekt, seier Egeland.

Reidar Jortveit, student ved Fakultet for teknologi og realfag, har mykje av æra for utviklinga av den digitale verktykassa i Storyline.

– I mi bacheloroppgåve vidarefører eg dei digitale verktya i metoden som Kvinesdal vidaregåande skule fekk utvikla i førre runden. Oppgåva siktar i all hovudsak på å gjere det mogeleg for utviklarar med mindre erfaring, gjerne studentar, å jobbe vidare med slike digitale verkty. Eg set saman eit sett med tenester, verkty og dokumentasjon slik at det skal bli enklast mogeleg å kome i gong med bidrag til verktya i Storyline, seier Jortveit.

Fakta

Storyline på Kvinesdal VGS

Kvinesdal vidaregåande skule oppretta i 2002 sitt Kompetansesenter for Storyline. Storylinemetoden har vore ein naturleg del av undervisningsmetodane i klasserommet på skulen i fleire år, og faglærarane har opparbeidd mykje kompetanse innan denne metoden.

Kompetansesenteret tilbyr kurs og rettleiing knytte til bruk av storylinemetoden og storylineverktykassa både i grunnskulen og i vidaregåande skule.

Les meir på <http://storyline.kvinesdal.vgs.no/>

Utviklingsarbeid ved UiA

UiA har som hovudoppgåver å gi undervisning og drive forskings- og utviklingsarbeid (FoU). Det er vanleg å definere utviklingsarbeid som ”systematisk arbeid som bruker eksisterande kunnskap, og som er retta mot å framstille nye materialer, produkt og gjenstandar, å innføre nye prosessar, system eller tenester eller å forbedre dei som allereie eksisterer” (frå OECD sin ”Frascati Manual” i norsk omsetjing).

Engasjementet til universitetet i arbeidet med Storyline er eit godt døme på det faglege utviklingsarbeidet som skjer i samarbeid med arbeidslivet i landsdelen.



Koordinator Åse Skiftun ved Kvinesdal videregående skule



Universitetslektor Frank Egeland, Institutt for pedagogikk



Dekan Birte Simonsen, Avdeling for lærerutdanning



Førstelektor Kari Wigstøl, Institutt for pedagogikk

FOTO: UiA og Åse Skiftun

Ved sidan av studiet arbeider han til dagleg i Kristiansandsfirmaet Bitfrost AS, som dei siste par åra har satsa ein del på nybrottsarbeid innanfor IT og spel i skulen.

– Eg er oppteken av at kvaliteten på verktya skal byggje opp under dei pedagogiske metodane. Innanfor mange slike digitale prosjekt døyrr prosjektet med ein gong det er fullført. Dermed blir det vanskeleg å plukke det opp og gå vidare for andre. Ein må begynne helt frå nytt. Det vil vi unngå, seier Jortveit.

– Kva er positivt med Storyline?

– Eg kjenner element frå rollespel. Relevansen for elevane aukar når dei sjølv kan utvikle element i historiene eller heile historier. At vi også kan samarbeide over fakultetsgrensene med dette er veldig positivt, seier Jortveit.

Dekan Birte Simonsen understrekar at dei gjer noko som myndigheitene sterkt ønskjer.

– Næringsliv i regionen, praksisfeltet og skulane samarbeider her om Storyline. Vi håper no på midlar frå VRI som er Forskningsrådets hovudsatsing på forskning og innovasjon i norske regionar, og som finansierer forskingsstimulerande prosjekt, seier Simonsen.

Fakta

Aktuell litteratur om metoden

Bolstad, Bjørn (red.) (2001): *Moderne pedagogikk. Teori og praksis ved Ringstabbek skole*. Universitetsforlaget, Oslo

Eik, Liv Torunn. (red.) (1999): *Storyline, tverrfaglig tilnærming til aktiv læring*, Tano Aschehoug, Oslo

Eik, Liv Torunn og Janne Fauskanger (2003): *Storyline for mellomtrinnet*. Universitetsforlaget

Eik, Liv Torunn, Merete Fagernæs, Janne Fauskanger og Knut-Rune Olsen (2004): *Storyline for småskoletrinnet*. Universitetsforlaget

Falkenberg, Cecilie og Erik Håkonson, (red.) (2000): *Storylineboken. En håndbog for undervisere*. Kroghs forlag A/S, Vejle, Danmark

Lindberg, Erik (2000): *Storyline – den röda tråden*. Ekelunds Förlag, Sverige

Olsen, Knut-Rune og Tor Arne Wølner (2003): *Storyline for ungdomstrinnet*. Universitetsforlaget

Kilde: <http://www-lu.hive.no/storyline/>

